

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Helgemessesundag – 7. november 2021

Preiketekst: Matt.5,13-16

Lesetekst I: Salme 84,2-8

Lesetekst II: Hebr.12,1-3

«De fulgte Jesus»

Det er tittelen på ei bok som kom ut i 2015 på Lunde forlag. Den er skriven av far og son Peter og Joel Halldorf. I fororda skriv dei om at det sjølv sagt er dei fire evangelia og forteljningane om Jesus Kristus som er dei viktigaste kjeldene for trua. Korleis vågar ein likevel å tru at historia om Jesus er sann, noko å lite på og verd å gje livet sitt for? Det finst ingen bevis på den kristne trua, men det finst mange vitne. I Hebrearbrevet 13.7 står det: «tenk på livet deira og utgangen det fekk, og ta deira tru til føredøme».

Om vi tenkjer på kyrkja som Kristi kropp, så er vitna om trua ikkje interessante for si eiga skuld, men fordi liva deira er ein forlenging av Jesu liv. Vitna skriv nye kapittel i historia om Kristus!

To ulike dagar

Tidleg tok ein til å feire minna om martyrane, som det vart mange av allereie på 200-talet. På 800-talet kom Allehelgensdag eller Helgemessesøndag inn. Samstundes vart «Alle sjelers» dag innført til minne om alle døde. Helgemessesøndagen vart ikkje teken bort ved reformasjonen, men artikkel 21 i Den augsburgske vedkjenninga understreka: «Om helgendyrkinga meiner dei (dvs dei evangeliske kyrkjelydane), at ein kan halde fram minne om dei heilage, for at vi skal etterlikne trua deira og deira gode gjerningar, kvar etter sitt kall... Men Skrifta lærer ikkje å påkalle dei heilage eller be om hjelp frå dei heilage, for den held fram Kristus åleine som mellommann, forsoningsmiddel, øvsteprest og talsmann for oss».

Då minnedagen for dei døde etter kvart gjekk bort etter reformasjonen, overtok Helgemessesøndagen meir og meir dette med og minnst dei døde. Ja, den har vore ein svært folkekjær dag.. Tradisjonen med å tenne lys har komme mykje inn her hos oss dei siste tiåra. I 1991 då kong Olav døydde var det ein eit endelays lyshavet opp ved Slottet. Ved ulykker og sterke hendingar ser ein det ofte.

I Tekstbok for Den Norske kyrkja i 2011, har ein igjen fått særskilte tekstar for Minnedagen for dei døde, gjerne nytta på kveldsgudsteneste.

Så vil ein halde på Helgemessesøndagen som ein dag då ein minnst særskilt dei som har gått føre oss og vore vitne om trua, og er til oppmuntring for oss i dag.

Saltet på jorda og lyset i verda

Bergpreika i Matt.5-7 er undervisning for læresveinar. Det er verd å merke seg at Jesus brukar forma indikativ, og ikkje imperativ. Læresveinane er salt og lys, i kraft av at dei høyrer Guds rike til!

Saltet kan ein bruke både til å ta vare på og sette smak på maten. I bibelsk tid var dette viktig og velkjent. I 1.Mos.2,13 står det om saltet brukt ved ofringane. At salt kunne misse krafta si, kjente ein også til. Ikkje minst frå saltet kring Dødehavet, som var slik samansett at det ikkje kunne brukast til dyrking (Sefanja 2,9). Ein læresvein skal få vere det ein er, «med blikket fest på Jesus, trua sin opphavsmann og fullendar» (Hebr. 12,2). På jorda har ein som trur og følgjer Jesus etter, noko av saltet sine eigenskapar. Ved å gå i forbøn for verda og menneska, og ved å følgje i Jesu fotefar, er ein saltet på jorda!

Det andre biletet med «lyset i verda», seier noko av det same. Ein kan ikkje gøyme ein by som ligg på eit fjell. Jesus talte til læresveinane om det dei såg. Dei greske byane Hippo og Gadara, låg på den andre sida av sjøen frå Kapernaum. Dei kunne sjå siluhettane av dei ved soloppgang, og i vakkert skin ved kveldslys. Slik har Gud sett si kyrkje i verda er Jesus si tale til dei! På same måten med oljelampa som vert sett i ein haldar for å lyse for alle i huset. Det skal få menneske til å prise Far i himmelen for dei gode gjerningane til dei som følgjer han.

Så er det viktig å hugse at det lyset Jesus talar om er først og fremst skinet av Guds gåve som kjem til oss ovanfrå, det himmelske lys. Den som vil vere lysberar for Jesus Kristus skal ikkje først og fremst ta fram sine egne gåver og sin eigen godleik, men

ha fokus på han som sa: «Eg er lyset i verda, den som følgjer meg skal ikkje vandre i mørkret, men ha livsens lys» (Joh.8,12). Dei som høyrer han til vert «lys i Herren» (Ef.5,8). Det er det lyset som ikkje kan gøymast unna. Då slokner det. Der det lyser får menneska sjå at Guds gode gjerningar skjer, og enno meir dei prisar Gud for det. (jfr. Bo Giertz sin NT-kommentar)

I boka til far og son Halldorf «De fulgte Jesus» får me eit vekslende persongalleri i tid og med ulike konfesjonar. Eit sitat frå forordet kan gjerne takast med: *«Beretningene om troens vitner hjelper oss å gjenkjenne våre brødre og søstre overalt hvor Jesu navn bekjennes og mennesker lever i lydighet mot Kristus. De hellige finnes til og med blant dem vi ikke i første omgang identifiserer oss med, i sammenhenger vi kanskje har problemer med. Det kan være en forvirrende, men viktig oppdagelse. Når vi ser tegn på Kristuslighet i andre konfesjoner, utvides nødvendigvis vår forståelse av Kristi kropp. Selv om et fortsatt er teologisk uenighet, kan vi ikke lukke øynene for den strømmen av Åndens liv som kommer fra mennesker, en kirke eller bevegelse vi tidligere kanskje har avfeiet eller utpekt som representant for villfarelse. Kartet omtegnes dramatisk. Vi løftes ut av provinsialsime og sekterisme. Guds storhet og evangeliets universalitet komme til syne.»* (Peter og Joel Halldorf: De fulgte Jesus, s.5. Lunde forlag Oslo 2015).

Audun Systad

Frivillig medarbeidar og medlem av krinsstyret i S. og Fj. DNI
Sokneprest Sunnfjord prosti
audun.systad@hyllestad.kyrkja.no